



Rune Kismul
Gamle Kalvedalsveien 42
5019 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2318 - 17/22887

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

17.08.2017

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 58/4 Lygre indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppføring av naust.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje fram av søknaden kvar naustet skal plasserast. Det må sendast inn situasjonsplan som viser plassering i høve til omgivnadane.
2. Tiltaket skal byggast på gbnr 58/4 men tilhøre hytteeigedom med gbnr 58/98 som har sendt inn søknaden. Det må sendast inn erklæring frå eigar av 58/4 eller anna tilfredsstillande dokumentasjon som syner rett til oppføring av naust på annan manns grunn.
3. Området er omfatta av ein eldre reguleringsplan der byggegrense mot sjø ikkje er teikna inn. Med omsyn til ny tolkingsforståelse frå kommunaldepartementet må det søkast om dispensasjon frå pbl § 1-8 for oppføring av tiltak i strandsona.
4. Det må sendast inn dokumentasjon som viser tilgjengeleg biloppstillingsplass til naustet. Biloppstillingsplass treng ikkje ligge i tilknytning til naustet, men det må visast kvar det er avsett plass til parkering, jfr. overordna kommuneplan.

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn samla innan 30.09.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Rune Kismul

Gamle 5019
Kalvedalsveien 42

BERGEN